

H O R D A L A N D .

Tone: Brede seil over Nordsjø går.

Stillt kring Bjørgvin ligg Hordaland
med sin øykransa, stormslitne strand,
ute mot det larmande havet.

Høgt over fjord og dalar
glitrar dine snøfjell, Hordaland.

Håkons gullhjelm, med sogeglans,
lyser enn over heimstaden hans.

Kyrkjespiret stig over gravi.

Ragnhilds og Haralds ungdom
stridde for kong Håkons Hordaland.

Budd med fædrar si kraft-natur
Godtfolk enno på tuftene bur.

Morgonvakt held mor attved åren.

Klårsyn og arbeidshender
tryggjer dine framstig, Hordaland.

Heim til Noreg, vårt Hordaland.

Heidra landet med hug og med hand.

Kling, vår fagre, heilnorske tunga.

Ungdom med kristne dygder,

De må byggje Noregs Hordaland.

Herre, lys over Hordaland.

Leid vårt folk med di mektige hand.

Bygg ditt kjærleiksaltar i heimen.

Styrk oss til siste ferdi.

Signe kvar ein heim i Hordaland.